

Vart overraska av Hareid Rotary

Denne helga har Hareid IL Turn gjennomført sitt første turnstemne i den nye Basishallen på Hareid. Mot slutten av stemnet fekk ei av turngruppa sine store eldsjeler ei solid overrasking.



Linn Urke vart overraska med Paul harris Fellow-utmerking frå Hareid Rotary under avslutninga av ein regionskonkurranse i turn i den nye Basishallen på Hareid. Her saman med Idar Flø, president i Hareid Rotary.

Like før regionstemnet i turn skulle avsluttast søndag ettermiddag troppa president Idar Flø, Bernhard Harkjerr og Oskar Grimstad frå Hareid Rotary-klubb opp i turnhallen.

Dei var der i to ærend, men begge handla om å heidle eldsjeler i lokalsamfunnet. – Vi i Hareid Rotary-klubb har gitt ei gåve til Basishallen for å heidle minnet til eldsjela Vegard Gjerde, som gjekk bort 14. juni i fjor. Vegard var aktiv i Rotary, hadde fleire verv og presidentperiode i klubben vår, sa Flø.

Han slo fast at Gjerde har vore ei eldsjel i Hareid IL, der han saman med mange dyktige medspelarar har blitt skapt enormt engasjement og dugnadsånd.

– Det står det stor respekt av og med desse orda lyser vi fred over Vegard sitt minne, sa Flø.



Idar Flø heidra minnet over Vegard Gjerde.

Han overrekte deretter eit skilt som minnest engasjementet til Gjerde.

Paul Harris Fellow-utmerking til Linn Urke

Flø gav deretter mikrofonen vidare til Oskar Grimstad, som er seremonimeister i Hareid Rotary.

- Når seremonimeisteren får ordet skal det skje noko viktig, slo Grimstad fast.
- Rotary oppretta tidleg i førre hundreår eit foundation, Paul Harris Fellow. Ein av dei viktige tinga dette fondet har vore brukt til er til dømes å fjerne polio, som var ein sjukdom som svært mange vart ramma av. Men ein oppretta også Paul Harris Fellowship, der ein kan gje ei utmerking til ein person som har gjort eit spesielt samfunnsgagnleg virke, sa Grimstad.

Han la til at Rotary-klubben held eit auge med det som går føre seg i lokalmiljøet, der ein mellom anna ser om det er personar som utmerker seg på ein måte som kan fortene ei slik utmerking.

- Personar som gjer eit arbeid for fellesskapet ut over det ein skulle kunne forvente, fortalde Grimstad og la til at Hareid Rotary hadde funne ein slik kandidat.



Seremonimester Oskar Grimstad avslørte at Linn Urke fekk Paul Harris Fellow-utmerkinga frå Rotary.

– Denne personen har tent lokalsamfunnet sitt og har tent Hareid Idrettslag på ein fantastisk flott måte. Inn i dette fondet er det betalt inn 10.000 kroner i dette fondet, i namnet til denne personen vi ønskjer å heidre.

Grimstad slo fast at ho som skulle få utmerkinga ikkje visste noko på førehand, men dei som var til stades i Basishallen var ikkje seine om å bryte ut i jubel då Grimstad ropte opp Linn Urke.

Ho fekk både medalje og ein plakett frå Rotary som synleg bevis på utmerkinga som viser at ho er Paul Harris Fellow. – Det kom veldig brått på. Det var ikkje heilt forventa og eg forstod ikkje heilt kva som skjedde, men det var veldig kjekt. Eg føler at dette ikkje akkurat er noko eg fortener åleine, for det er mange eg deler den med, seier Urke til Vikebladet Vestposten.



Linn Urke